

Til naboar og høyringsinstansar

Søfteland 10 12 2025

Varsel om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-14.

I samsvar med plan- og bygningslova §12-14 vert det med dette varsla at Jan Eide har utarbeidd framlegg til endring av reguleringsplan for **Vågshaugen sør, detaljplan Gnr. 48, Bnr. 30,77 m.fl.** etter forenkla prosess. Akons AS er plankonsulent.

Gjeldande plan for Vågshaugen sør var godkjent 25.03.2021. Vestre del av planen var endra etter forenkla prosess, med vedtak 22.05.2025. Med denne endringa (E2) får ein eit kart som gjeld for heile planen.

Ein planleggar no for nokre justeringar innanfor endring E1 som følgjer av ei meir kompakte parkeringsløyningar, og at ein ønskjer større avstand til nabobygg i vest.

Ein har og ønskje om å behalde eksisterande bustad på 48/30, og å kunne byggja ut område BKS4 med parkering under bygg. Dette fører til at ein mellom anna tek ut to tomter for tomannsbustader.

Fellesareal er økt. Ein har opprettheldt moglegheit for gjennomgang for turgåar. Samla endringar opnar for inntil 3 nye einingar, og parkeringsløyningane vert tilpassa til dette.

Meir utfyllande informasjon finn de i vedlagte søknad om endring.

Søknad om endring med vedlegg er og å finne på akons.no

Gjeldande plan vedteken 25.03.2021 finn de på: www.arealplaner.no/4624/arealplaner/505

Er det spørsmål til planframlegget er de velkomne til å ta kontakt med underteikna på tlf. 980 98 397 eller med e-post til even@akons.no

Innspel eller merknader til planarbeidet sendast til:

Akons AS, pb. 21, 5207 Søfteland, eller som e-post til: even@akons.no

Alle innspel og merknader vil følge planforslaget når det leverast til kommunen. Søknad vert og oppdatert med innspel og merknader, og eventuelle endringar vert vurdert i lag med kommunen.

Frist for merknader er forlenga grunna jula, og sett til 10.01.2026

Illustrasjonsplan syner mogleg utbygging i samsvar med planframlegget.

Med venleg helsing

Even Akerø, Dagleg leiar Akons AS

Vedlegg:

Forslag til nytt plankart med føresegn, illustrasjonsplan og søknad om endring.